



Humlepungen Bryggjarlag (med unntak av Reidar Myklebust) samla ved gryta på "basen" Dønhaug. Foran sit frå venstre Vidar Haugland, Kjell Magne Haugland, Kjell Yri, Kristian Bringedal og Kjell Tungesvik. Bak står, frå venstre, Ragnvald Myklebust, Bjarne Lilleaas og Magne Huglen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I august 2006 var Humlepungen Bryggjarlag i Uskedalen på studietur til pilsenerølets heimland Tsjekkia og heimby Plzen. Torsdag ettermiddag reiser dei på ein ny studietur og det heilt naturlege er at dei då set kursen vestover – mot Guinness i Dublin.**

Med unntak av Kjell Magne Haugland er alle med på utferda, som dei vonar skal gje dei ny kunnskap om ølbrygging og i tillegg vera ein triveleg tur som fremjar det sosiale fellesskapet. Tida tillet ikkje at dei reisar utanom Dublin-området sjølv om det er fristande å nyta "den grønne øya" no på denne tida..

Guinness er den største turist-attraksjonen i Dublin med eit årleg besøkstal som nærmar seg ein million. Der er ølproduksjonen og Guinness-historia illustrert på lettfatteleg og pedagogisk vis. Opplegget har utdeling av smaksprøver i øverste etasje som eit klimaks. På toppen kan ein nyta det særprega, mørke ølet med eit 360 graders panorama over hovudstaden rundt seg.

Eit anna høgdepunkt som bryggjarane har grunn til å sjå fram i mot er besøket på Plougboy Pub i utkanten av Dublin. Det er eit av ei rekkje gardsanlegg som er omskapt til ein møteplass for turistar og andre og der ein både får servert sang, dans og mat. Det er med andre ord ein irsk parallell til Dønhaug! Kveldsbesøk i det myldrande Templebar-området som truleg saknar sin make i Europa står sjølvstøtt også på programmet.

Bryggjarane skal bu i hamneområdet og reiseleiar er Bjarne Lilleaas som er kjent i byen og landet frå før og som skal på tenestereise på vestkysten etter at dei andre uskedelingane har reist heim.

Av Ola Matti Mathisen



Vitjing hos Guinness toppar naturleg nok Humlepungen sitt program. Her er ei gruppe frå Uskedalen og Lillehammer på besøk der. I øverste etasje kan ein nyta ølet med panoramautsikt over heile byen.. (Foto: Ola Matti Mathisen)